

Ikkje fått avisa?

Kontakt oss på Min side:
sognavis.no/kundesenter
e-post: abonnement@sognavis.no

Du kan ringja:

32 27 70 27

Telefonen er open kvardagar frå kl 08.00 - 15.00.

Vakt i helga



Keth Øren

Mobil: 990 82 779



Silje Vindedal

Mobil: 952 37 694



Endre Romøren

Mobil: 958 70 621

sognavis.no

Håpar på nytt liv i arkitektheikna hytter:

- Det er viktig å få folk til bygda

BALESTRAND: Harald Ulvestad brukar framleis mykje tid i Vetlefjorden. No håpar han at når sommaren kjem så vil det auka av folk som har fått seg ein ny ferieplass.

ELI GROTTLE
eli.grotte@sognavis.no

- Gjerne småbarnsfamiliar eller par som drøyer om eit eige sommarparadis, slik Vetlefjorden er for meg og min familie, seier Harald.

Han sjølv er busett i Oslo, men har feriehuset i heimbygda der eigne ungar no får sankta dei same gode sommarminna som han sjølv samla som liten.

Og midt i denne minnebanken hugsar han det yrande livet som var i bygda når dei åtte campinghyttene på Ulvestad fekk innrykk av turistar frå både inn og utland.

- Dei kom frå heile verda, trur eg. Sjølv sagt mest tyskarar, men eg minnst at der var folk frå Israel, Frankrike og mange andre land. Ja, og så nordmenn sjølv sagt.

Arkitektheikna hytter

Det var bestefar til Harald, Hans Ulvestad, som fekk sett opp den litt spesielle hyttcampingen som ei ekstraintekt til garden. Far hans, Arild, tok over i 1986, og drifta den vidare.

- No er han blitt 78 år og alle me tre brørne bur litt for langt vekke til å driva hyttene vidare med utleige. Difor bestemte me for å selja dei ut og er glad for at me fekk det i orden med kommunen slik at me fekk skilja ut romslege tomte til kvar hytte.



ARKITEKT HELGE HJERTHOLM

- Hyttene på Ulvestad står ikkje oppført under Helge Hjertholm sine arbeid, men arkitekten har mellom anna fleire kyrkjer på cv'en sin.
- Hjertholm var tilsett som professor ved Bergen Arkitektskole 1996.
- Han er kjent for den vifteforma kyrkja, som mellom anna omfattar Søreide kyrkje og Fyllingsdalen kyrkje. Andre arbeid er mellom Hydros gjestehus på Sture og Bergen Politikammer.
- Hjertholm har vunne førstepremie i fleire arkitektkonkurransar. Hjertholm er tildelt Treprisen 1986 og Groschmedaljen for 2008.

KJELDE: KUNSTHISTORIE.COM

Sjølv om hyttene er små, så er det ikkje heilt som mange andre klassiske campinghytter frå 70-talet.

- Ja, det er nesten slik at hyttetunet står fram som ein attraksjon i seg sjølv. Dei er konstruert av arkitekt Helge Hjertholm, som var ein kjent arkitekt på den tida. Eg vil vel definera konstruksjonen som enkel og praktisk. Der er både bad, kjøken og jamvel ein peis midt i rommet, seier Harald.

Først fekk bestefaren fekk sett opp fem hytter i 1972, men det var så stor pågang med turistar at han måtte setja opp tre til to år seinare.



BUR LANGT VEKKE: Pappa Arild Ulvestad dreiv campinghyttene som attåtning på garden i mange år. No er han 78 år og verken Harald eller brørne ser seg syne i å driva den vidare når dei bur så langt vekke.

FOTO: PRIVAT

- Der hadde eg min første sommarjobb, seier Harald om at alle måtte bidra på sin måte i drifta av campinghyttene.

Fleire vil ha visning

Harald minnst eit yrande liv i fjorden med alle turistane, og no håpar at han det skal bli skapt nytt liv i både hyttene og bygda.

- Ja, det er håpet. At dette kan bli ferieparadis til nokon som drøyer om hytte, men ikkje har råd til å investera alt for mykje.

I 2021 låg også hyttene ute for sal, men då var marknaden treg og prosjektet vart trekt attende. Ei hytte skifta eigar den gongen, men no ser det ut som den har skote litt meir fart.

- No har me også justert ned prisen, så det kan virke som det har vekt interessa meir enn sist, seier Harald.

Det kan eigedomsmeklar Renate Ripe Johnsen i Eigedomsmeistring Sunnfjord, stadfesta.

- Respsen har vore veldig god og me selde ganske fort ei. Det er tydelegvis mange som vurderer dette som ein billig inngangsbillett til eiga hytte med tilgang til fjorden. Det er mange som har teke kontakt for å visning, og fleirtalet finn me på Austlandet og Bergens-området. Om ikkje dei bur i Sogn no, så har fleire av dei ein link til området, seier Johnsen.

Også eigedomsmeklaren ser på hyttegrenda som eit litt annleis salsobjekt, på grunn av den

spesielle utforminga av hyttene.

- Me venta kanskje at også utlendingane skulle visa interesse, og spesielt tyskarar, men den har me ikkje fått enno.

Har eige hus

For Harald og familien er det ikkje aktuelt å kjøpa seg ei eiga hytte, for dei har allereie feriehus som dei brukar så mykje dei kan.

- Sommar det er Vetlefjorden, slik har det vore i alle år. Der fiskar me, går i fjellet og elles har det gode liv ved fjorden. Det er det som er håpet no, å få inn fleire folk til å bruka området. Skapa liv i bygda. At det kan auka med folk rundt hyttene igjen. Rett og slett meir liv i leiren.



TIL GLEDE: Dei tre brødrene Hans Kristian, Thomas og Harald Ulvestad framfor hyttene som dei håpar skal koma andre til glede.

FOTO: PRIVAT

MCA

Toyota Sogn AS
Kaupanger

PKK, service, dekk alle bilmerke

Kontakt oss for tilbod:
tlf. 57 67 66 66 - post@kaupanger.toyota.no

Husqvarna Automower på lager!

Hillestad Traktorservice

Tlf. 57 68 43 40
Fagkunnskap - Service - Delelager - Innbytte - Finansiering

Sudokuløysing

4	5	8	2	3	6	7	1	9
7	9	3	1	5	4	6	8	2
1	6	2	8	7	9	5	4	3
3	8	4	7	9	5	2	6	1
9	2	7	6	8	1	3	5	4
5	1	6	4	2	3	8	9	7
2	7	1	5	4	8	9	3	6
6	3	5	9	1	2	4	7	8
8	4	9	3	6	7	1	2	5